

# SAMARBEIDSAVTALE

## NÆRINGSHAGEBEDRIFT OG SULDAL VEKST AS

Samarbeidsavtale mellom Suldal Vekst As (org. nr. 994872249) og:

Namn på verksemda:			
Organisasjons nr.:		Kommune:	
Gateadresse:		Faktura-adr. (e-post):	
Postnr. / Poststad		Nettstad:	
Kontaktperson 1:		E-post:	
Stilling:		Tlf.:	
Evt. kontaktp. 2:		E-post:	
Stilling:		Tlf.:	
Antal tilsette:		Dato for oppstart avtale:	

MÅLBEDRIFT

MEDLEMSBEDRIFT

Verksemda har kvinneleg gründer/dagleg leiar og/eller styreleiar

### 1. FORMÅL MED AVTALEN

Formålet med denne samarbeidsavtalen er å regulere forholdet mellom Suldal Vekst (Næringshagen) og bedrifta i samband med tenester næringshagen skal yte til bedrifta. Gjennom signering av denne avtalen blir verksemda ei *næringshagebedrift*. Hovudmålet med samarbeidet er at det skal bidra til økonomisk meirverdi for næringshagebedrifta, og berekraftig utvikling av regionen.

Alle næringshagebedrifter skal ha mål og ambisjonar knytt til eiga utvikling. Næringshagen sitt arbeid er til ei kvar tid basert på behov til næringshagebedriftene. Næringshagen arbeidar i tråd med det som er nedfelt som satsningsområde i kommunale og regionale næringsplanar, satsingsområde frå Rogaland fylkeskommune og nasjonale satsingar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, og Siva. Overordna mål er å bidra til auka verdiskaping for næringslivet i regionen.

Som næringshagebedrift blir verksemda del av næringshagen sitt nettverk for næringslivet, og del av Siva sitt nasjonale innovasjonsnettverk. Samstundes bidrar bedrifta til å styrke eit regionalt kompetansemiljø for næringsutvikling og leggje grunnlaget for klynger og nettverk for samarbeid og utvikling.

#### Målbedrift / Medlemsbedrift:

Berre små- og mellomstore bedrifter (SMB) kan bli *målbedrifter*. Ei SMB-bedrift må ha færre enn 250 tilsette og omsetnad på inntil 50 millionar euro og/eller samla balanse på inntil 43 millionar Euro. Målbedriftene kan motta innovasjonsstøtte frå næringshagen i form av rabatterte innovasjonstenester dersom dette arbeidet er forankra i ein klar utviklingsplan med konkrete mål.

Bankar og forsikringselskap, offentleg eigde føretak (herunder KF og SF), og andre innovasjonsselskap (kunnskaps-/forskningspark, inkubatorar) kvalifiserer (pga av regler om statsstøtte) *ikkje* til å vere målbedrift. Stiftelsar, lag og foreiningar (f.eks. idrettslag), non-profit-organisasjonar, næringsforeiningar, næringsorganisasjonar, og opplæringskontor kan *kun* kvalifisere til å bli målbedrift dersom dei oppfyller krav om næringsverksemd.

Bedrifter som ikkje oppfyller krav til å bli målbedrift kan knyte seg til eit samarbeid med næringshagen gjennom å bli medlemsbedrift.

## 2. DET NASJONALE NÆRINGSHAGEPROGRAMMET

Suldal Vekst As er del av Siva sitt nasjonale innovasjonsnettverk. Siva er staten sitt verkemiddel for tilretteleggjande eigarskap og utvikling av bedrifter og nærings- og kunnskapsmiljø i heile landet. Siva og næringshagane har eit særleg ansvar for å fremje vekstkraft i distrikta. Suldal Vekst er godkjent Siva-partnar og del av Det Nasjonale Næringshageprogrammet.

*Det Nasjonale Næringshageprogrammet* skal bidra til auka nasjonal verdiskaping gjennom å leggje til rette for utvikling av attraktive bedrifter og arbeidsplassar i hele landet, og bidra til å styrke fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør. Programmet er eigd av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) og fylkeskommunane. Siva er nasjonal operatør.

Suldal Vekst As er leverandør av næringshageprogrammet fortrinnsvis i kommunane Suldal, Sauda og Hjelmeland. For dette arbeidet mottar næringshagen årlege utviklingsmidlar frå Siva. Desse midlane gir næringshagen høve til å selje rabatterte tenester til lokalt næringsliv.

## 3. TILGANG TIL RESSURSAR OG TENESTER

Som næringshagebedrift får verksemda tilgang til alle næringshagen sine ressursar og nettverk, og også tilbod om:

- Årleg og kostnadsfri gjennomgang av verksemda si status og utviklingspotensial (*Utviklingssamtale*).
- Inntil 6 timar årleg kostnadsfri bistand frå næringshagen.
- Moglegheit for rabatt på næringshagen sin ordinære timepris (*gjeld kun målbedrifter*).
- Rabatt på møte, kurs, work-shops, mentor- og vekstprogram og andre arrangement i næringshagen sin regi. Nokre arrangement er også gratis for næringshagebedrifter.
- Profilering på næringshagen si nettside og andre digitale flater.

## 4. FINANSIERING

Næringshagebedrifta betaler ei årleg deltakaravgift til næringshagen. Deltakaravgifta kan justerast med tre månaders varsel. Ordinær timepris for nye oppdrag kan justerast med ein månads varsel.

Den offentlege delen av finansieringa av næringshageprogrammet er å sjå på som statsstøtte etter EØS-avtalen. Alle tenester som blir gitt av næringshagen etter denne avtalen skal skje etter til ei kvar tid gjeldande vilkår for aktuell type statsstøtte. Samla statstilskot til ei bedrift (inkludert verdien av kostnadsfri bistand og rabatterte tenester frå næringshagen) kan ikkje overstige 200.000 Euro per bedrift i løpet av ein rullerande treårsperiode.

## 5. PLIKTER

Bedrifta pliktar å levere nødvendig informasjon som skal til for at næringshagen skal kunne oppfylle rapporteringskrav til Siva og fylkeskommunen. Næringshagebedrifta pliktar også å svare på undersøkingar i Siva sin regi. Dette kan vere spørsmål knytt til evalueringar som blir gjort i samband med næringshageprogrammet. Siva gjennomfører også ei årleg kundeundersøking, der næringshagebedrifta må delta.

Ved kontakt med media skal næringshageprogrammet og samarbeidet med næringshagen nemnast der det er relevant.

## 6. TEIEPLIKT

Partane har teieplikt om informasjon som dei får tilgang til gjennom samarbeidet. Herunder informasjon knytt til andre bedrifter og etableringar i næringshagen. Teieplikta gjeld også etter at avtalen er avslutta.

## 7. AVTALETID

Avtalen trer i kraft ved signering, og vert automatisk fornya kvart år. Avtalen kan gjensidig seiast opp med ein månad skriftleg varsel dersom bedrifta eller næringshagen ikkje lenger finn at samarbeidet er formålstenleg. I spesielle tilfelle som t.d. konkurs, opphøyr, oppkjøp, fusjon e.l., kan næringshagen sei opp avtalen utan varsel. Avtalen opphøyrer umiddelbart dersom Suldal Vekst As ikkje lenger er del av Det Nasjonale Næringshageprogrammet.

## 8. ANSVAR OG MISLEGHOLD

Næringshagen har ikkje i noko tilfelle erstatningsansvar ovanfor bedrifta, eigarar eller tredjepartar i samband med dei tenestene næringshagen leverer til bedrifta. Dersom bedrifta mottar støtte utan at vilkår for rapportering eller finansiering er oppfylt, kan støtta blir kravd tilbakebetalt.

## 9. TVISTAR

Denne avtalen følgjer norsk lovgiving, og tvistar skal i ytterste konsekvens fremjast for norske domstolar.

## 10. AVTALTE PRISAR VED OPPSTART AV DENNE AVTALEN:

Avtalt årleg deltakaravgift:	,- kr. + mva	Antal tilsette:	
Evt. avtalt lågare deltakaravgift 1. år:	,- kr. + mva	Gjeld ut år:	
Ordinær timepris d.d.:	,- kr. + mva	Evt. kommentar:	
Rabatterert timepris, %-sats	Inntil: xx %	Registreringsår:	
Som standard kan nyetablerte målbedrifter (stiftingsår + første heile år etter stifting) få inntil 75 % rabatt på ordinær timepris på dei første 20 timane. Andre målbedrifter kan få inntil 50 % rabatt på ordinær timepris / marknadspris. Medlemsbedrifter som ikkje har tilgang til å motta statsstøtte i henhold til regelverk frå EØS eller retningslinjer frå Siva har ikkje tilgang på rabatterert timepris. Rabatt på ordinær timepris og/eller marknadspris er avhengig av oppdraget, og blir difor avtalt i kvart enkelt tilfelle.			

Stad: ..... Dato: .....

For næringshagebedrifta: .....

For Suldal Vekst As: .....

*Avtalen er signert i to eksemplar og partane har eitt eksemplar kvar.*

*Vedlegg:*

*Næringshagebedrift i Suldal Vekst sitt næringshageprogram, tilbod, tenester og prisar*